



Redningshelikopteret i Englafjell påskelaurdag morgon. Fjellsida er svært glatt.

**Det er livsfarleg glatt i fjellet no mot slutten av påska. Det fastslår Jan Erik Grande i Norske redningshunder i samband med ulukka i Englafjell der den omkomne litauaren truleg falt meir enn 100 meter,**

**Grande var med i søket og seier at snøen er som betong. Det er snart gjort å skli og då klarar ein ikkje å ta seg for. Under søket nytta hundefolka stegjern og enkelte stader hadde dei likevel problem med festet.**

Låge nattetemperaturar, steikande sol og vind har slipt snøen til isglatt betong og gjort det farlegare en vanleg. Ein må nesten ha sikringsutstyr med seg på turen enten stegjern eller klatresele.

Røde Kors i Hordaland råder folk til å begrense seg til stuttare turar der ein kan nå attende same dag. Når sola har gått ned tek det ikkje lang tid før skaren kjem, vert det påpeika i bt.no

Tekst: Ola Matti Mathisen  
Foto: Kjell Magne Haugland